

Til rette vedkomande

Dato: 12.06.2017
Vår ref.: 2016/9494-90
Saksbehandlar: maraskv
Dykkar ref.:

Jonas André Blomvågnes. Referanse for arbeid under UKM-festivalen i Hordaland

Hordaland fylkeskommune har ansvaret for arbeidet med UKM Hordaland og avvikling av UKM-festivalen i Hordaland kvart år. Dei siste åra har det gjennom avviklinga av festivalen i Hordaland vore eit større arbeid knytt til UKM Media, eit initiativ frå UKM Norge. Arbeidet i UKM Media inneber m.a. fleirkamera-opptak og livestreaming av framsyningane på UKM-festivalen i Hordaland. For å kunne halde fram dette arbeidet er det naudsynt å ha ei nettredaksjon under namnet UKM Media. Vidare er UKM Media ein av kategoriane som ungdom kan delta på under UKM og Jonas André Blomvågnes var ein av dei ungdommane som deltok i denne kategorien under festivalen som vart arrangert på USF Verftet 28.-30.april 2017.

Å jobbe i UKM Media er ei svært nyttig erfaring for å lære seg å arbeide innanfor medieproduksjon. Arbeid for ungdommane i UKM Media inkluderte følgjande; grafisk utforming, redigering og klipp av bilde og video, kamera, opptak og lyd. Under UKM-festivalen i Hordaland bytta deltakarane i UKM Media på dei ulike arbeidsoppgåvene undervegs. Livestreaminga vart lagt ut på www.livestream.com og opptak frå alle framsyningane vart lagt inn under den einkilde scenedeltakar på www.ukm.no/hordaland. Takka vere UKM Media sin produksjon kan scenedeltakarane frå UKM-festivalen i Hordaland sjå sin eiga framsyning på nett.

Fleirkameraproduksjonen vart leia av ein ressursperson frå UKM Norge som hadde følgjande tilbakemelding til UKM Hordaland om ungdommane i UKM Media sitt arbeid:

«Jeg er veldig fornøyd med deltakerne som var med på å gjøre flerkamera under UKM Hordaland i år. Alle som var med hadde stor innsatsvilje hele veien fra opprigg, via to lange dager med produksjon og så nedrigg. Jeg tror heller ikke at jeg har vært med på en fylkesfestival der alle som var med på flerkamera starta såpass bra i nivå. Alt av basiskunnskaper på kamera var på plass, og vi kunne konsentrere oss om å jobbe med det som skaper bra innhold - samarbeidet mellom de forskjellige kamerafolkene».

Hordaland fylkeskommune er svært nøgd med innsatsen til Jonas sitt arbeid under UKM-festivalen Hordaland 2017 då dette m.a. gjorde det mogleg å dokumentere arrangementet for tida etterpå.

Venleg helsing

Ronny Skaar
UtviklingssjefMarianne Ose Askvik
Spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

